

Årsmelding

2014



Gjesdal sokn

Årsmøte, Oltedal kyrkje 5. mars 2015 kl 18-19.

Saksliste

1. Konstituering
 - Ordstyrar:
 - Framlegg: Torgeir Lima
 - Referent:
 - Framlegg: Tone Middelthon
2. Val av to personar til å signere protokoll
 - Framlegg til vedtak:
3. Årsmelding 2014
 - Årsmeldinga vert teken til etterretning.
4. Regnskap 2014
 - Rekneskap 2014 vert teken til etterretning
5. Trusopplæring
 - Informasjon om trusopplæringa i soknet
6. Eventuelt

GJESDAL SOKNERÅDS ÅRSMELDING 2014

Gjesdal sokneråd har i 2014 hatt desse medlemmane:

Svein Ingve Nødland, leiar
Torgeir Lima, nestleiar
Jarle Gilje
Jon Harald Tune
Kari Anne Steinskog
Frank Sivertsen
Tone Mette Frafjord

Sokneprestvikarene Bernhard Pedersen (vår 14) og Asbjørn Salthe (haust 14) har vore med på soknerådsmøtene eit halvår kvar, medan sokneprest Bjarte Hetlebakke var med på to møter.

Berit Sola Gilje har vore kasserar (ikkje medlem av soknerådet)

Tone Middelthon er dagleg leiar

Svein Ingve Nødland og Jon Harald Tune har møtt i Gjesdal kyrkjelege fellelråd.

Soknerådet har i 2014 hatt 10 møte og handsama 44 saker.

15. juni blei ny sokneprest i Gjesdal innsett etter Sigve Sande. Vi er glade for at Bjarte Hetlebakke nå er vår faste prest. Bernhard Pedersen, som hadde vore vikar eit par år, slutta av vikartenesta då Bjarte kom. 1. september 2014 gjekk Bjarte ut i permisjon grunna verneplikttjeneste. Asbjørn Salthe gjekk då inn som vikar for han. Vi er takksame for den jobben vikarane har gjort for soknet, og prostens sitt arbeid for at vi skal ha det mest mogleg stabilt medan vi ventar på fast prest.

TRUSOPPLÆRING 2014

Januar 2014 byrja Oddrunn Helen Dubland Sivertsen som trusopplærar i 50 % stilling i Gjesdal sokn. Ho er løna 25 % av kyrkjelyden og 25 % av offentlege midlar. Ho har for det meste vore med på å innby til og gjennomføre «gamle» og nye tiltak. Tone Middelthon har framleis hovudansvar for planskrivinga.

I 2014 kom vi godt i gang med planskrivinga i Gjesdal Sokn. Litt arbeid står igjen, men vi håper vi er klar med denne innan fristen for innlevering. I tillegg til planskriving, har vi blant anna hatt fokus på planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak, kommunikasjon og informasjon til dei aktuelle gruppene og rekruttering av nye frivillige medarbeidarar. Vi opplever at det er godt tverrfagleg samarbeid i staben når det gjeld trusopplæring. På dei fleste tiltaka jobbar to eller fleire tilsette saman om planlegging og gjennomføring av desse.

Våren 2014 fekk me på plass eit trusopplæringsutval i Gjesdal. Dette består av Tone Middelthon (leiar for trusopplæringa), Leif Nyborg (Kateket) Kristine Hiim Gilje, Erlend Sandvik og Samuel Madland. Ragnhild Hoel (kantor) var også med i dette utvalet før ho slutta i Gjesdal / Ålgård. Målet er at dette utvalet skal møtas 2 gonger i halvåret for å drøfta og planleggja trusopplæringsplanen og tiltak samt anna som måtte stå på dagsorden.

I 2014 hadde me desse trusopplæringstiltaka i Gjesdal sokn:

Dåps-samlingar

*Babysang

Skattekistesamling (2 år)

Utdeling av 4-årsboka

*Hausttakkefest (5 år)

Tårnagentsamling (9år)

11-årsweekend på Vier (saman med Ålgård) + Utdeling av bibel

*Lys Vaken i Dirdal (Gjesdal & Ålgård var og invitert hit).

Konfirmasjon

*Nytt av året

Vi har stort sett lukkas i å få eit fint oppmøte frå Dirdal og Gjesdal på dei forskjellige tiltaka, men talet på deltakarar varierer. Framleis er det få eller ingen deltakarar frå Oltedal. Her har kyrkja ei ekstra utfordring når det gjeld kommunikasjon og bygga ein god relasjon til innbyggjarane i dalen. Til nokon av tiltaka har vi tatt ringerundar eller sendt sms til foreldra i håp om at det kan auke talet på barn som kjem. I nokre tilfelle, til dømes babysang, har dette vore vellukka.

Konfirmantane i Oltedal og Dirdal har også dette året vore i saman og blitt leia av ei gruppe frivillige frå Gilja / Oltedal. Dei gjer ein glimrande jobb med konfirmantane og vi er takksame for innsatsen dei gjer her. Det er eit ønske frå dei forskjellige kyrkjelydane at konfirmantane blir meir inkluderte i gudstenestesamanheng.

SKULE/BARNEHAGE-KYRKJE-SAMARBEIDET

I år har det vore 4 besøk frå skuleklassar frå Oltedal og Dirdal skuler i kyrkjene.

Vidare har det vore 10 besøk frå tilsette i skuleklassar i skulen.

Fram mot skulegudstenestene før jul var det dessutan 3 øvingar med ei drama/elevgruppe på Dirdal skule, og 3 øvingar på Oltedal skule.

DIAKONI

Diakoniutvalet er felles for Gjesdal og Ålgård sokn. Med utgangspunkt i diakoniplanen for 2014-2016 har utvalet arbeidd for å styrka den diakonale tenesta. I 2014 ville utvalet prøve ut ei ordning der medlemmane frå Gjesdal og Ålgård møtast kvar for seg nokre gonger i såkalla arbeidsgrupper. Dette på grunn av at dei to sokna er ganske ulike, og det kan difor vere å praktisk å diskutere enkelte saker og forberede nokre av aktivitetane kvar for seg. Denne ordninga vil bli evaluert.

- Diakonitvalet ynskjer å halde ein årleg temakveld om diakoni. I 2014 arrangerte utvalet ein englekveld i Oltedal kyrkje, der Magnhild Mo haldt foredrag om englar i Bibelen, og Solbjørg Ravndal hadde engleverkstad. Det var om lag 30 deltakarar.

- Utvalet arrangerte eldrefest for alle eldre i kommunen på Gjesdal bygdehus i september, med litt over 100 frammøtte.

- Arbeidsgruppa til Gjesdal var med på hausttakkefest i Gjesdal kyrkje i oktober. Dette var eit tiltak i trusopplæringa for 5-åringar, der og bygdekjennet var med og pynta.

- Utvalet organiserte open kyrkje på allehelgensaftan. Dette året vart alle kyrkjene i kommunen halde opne, der folk kunne tenna lys, sitja ei stund i kyrkja og høyre på musikk.
- Fleire frivillige går på besøk med blomsterhelsingar til dei i kyrkjelydane som fyller 80, 85, 90 og for kvart år etter 90. Det er totalt 7 personar med i denne tenesta.
- 8 frivillige er med i kontakt- og besøkstenesta, som inneber å vere ein tur- eller besøksvenn for nokon som treng det. Her meldes det behov fra omsorgstenesta i kommunen. Det er eit ønske å styrke denne tenesta i Gjesdal sokn.
- Pårørande etter dødsfall blir følgt opp av diakon eller frivillig ei stund etter gravferda. Det blir gitt tilbod om å vere med i ei sorggruppe, som er felles for Sandnes, Jæren og Dalane prosti. Frå Gjesdal og Ålgård er det er fire frivillige leiarar av sorggrupper. Tre av dei leia grupper i 2014.
- Stasjonsklubb Ungdom, som er eit tilrettelagt tilbod for ungdom med særskilde behov, møtast annankvar veke på Ålgård gamle stasjon. Det er no 11 ungdommar som er med i klubben, og saman med mange vaksne leiarar er dette eit fellesskap som det er godt å vere i. Vi håpar at deltakarar frå Gjesdal sokn også blir med. I 2014 reiste 4 av ungdommane saman med foreldre/føresette og reiseleiarar til Ecuador for å besøkje eit handikapsenter for born og ungdom i slummen, drive av Misjonsalliansen. Dette vart ein fantastisk tur, som har vore til stor velsigning både i Noreg og Ecuador.

I 2014 har desse vore medlemmar i utvalet frå Gjesdal sokn: Marit Ramsli (nestleiar), Turid Gilje, Tone Mette Frafjord, Wenche Berre og diakon Tonje Vilberg Bjerkreim.

KYRKJEMUSIKK

Ålgård kirkekor har delteke på gudstenester i alle kyrkjene i soknet gjennom året, og avslutta som vanleg med stil då fleire ekstrasongarar møtte opp på 1.juledag for å syngje Hallelujakoret i Gjesdal kyrkje. 30. oktober var det konsert i Oltedal kyrkje med Bodil Arnesen og Pål André Grindrud, der også Ålgård kirkekor medverka.

Kyrkjene har ikkje vore utleigde til konsertar i 2014.

ARBEIDET I SOKNET:

Gjesdal sokneråd har halde fram med å jobba for å få arbeidet i dei tre kyrkjene i soknet til å fungera godt saman. Hausten 2014 vedtok soknerådet ein eigen strategiplan for soknet som held fram verdiane *open* og *tydeleg* som viktige verdiar. Satsingsområde i planen er trusopplæring, auke gudstenestedeltakinga, motivere til frivillig teneste, danne lokalkomitear for kyrkjene, smågrupper, Alfakurs, eit større arrangement i kvar kyrkje, diakoni, barn og unge på gudsteneste i Oltedal og bønn. I 2014 har soknerådet særskilt jobba med å lage mandat for gudstenestegrupper, hatt god dialog med gudstenestegruppa «Kyrkjemøtet på Bjelland», vedtatt montering av projektor i Oltedal, synleggjort behovet for gjevarteneste til trusopplæringa, gjort førebuingar til ein stor konsert i Dirdal og jobba for å få søndagsskole fleire søndager i Oltedal. I tillegg har vikarpresten vore med i husfellesskapet i Oltedal for å

styrka dette. Soknerådet jobbar for at folk skal oppleve at dei tre kyrkjene høyrer saman i eit fellesskap og at fleire skal gå på tvers mellom kyrkjene i soknet. Ein del gjer allereie dette, og det styrker fellesskapet i soknet.

I Gjesdal kyrkje har det vore gudstenester med lek gudstenesteleiar i tillegg til dei forordna gudstenestene. Dette har gjort at ein har kunne halde fram med ein litt høgare gudstenestefrekvens i kyrkja. Forsongargruppa stiller trufast opp, i tillegg til kyrkjevertar og dei som førebur kyrkjebøn og kyrkjekaffi. Hausten 2014 blei Fredly barnegospel lagt ned, og det er eit sagn for soknet at vi nå ikkje lenger kan ha dei med i gudstenestene. Nytt av året var hausttakkefestgudsteneste i oktober i Gjesdal kyrkje. 5-åringar frå heile soknet deltok i trusopplæringstiltak, bygdekvinnelaget pynta og diakoniutvalet stilte opp med kyrkjekaffi på bygdauset etter gudstenesta. Kyrkja var full av folk i alle aldrar, og det var ein fryd å sjå at kjellaren i bygdauset var full av folk til kyrkjekaffi etterpå.

I 2014 blei det montert skap-absorbentar i kyrkjerommet i Oltedal kyrkje, og dette har betydd ei positiv endring for lyden i kyrkjerommet. Det har vore søndagsskule i samband med gudstenesta nokre gonger gjennom dette året. Det har vore arbeidd for å få med fleire leiarar og å kunna utvida tilbodet, og i februar 2015 kan det sjå ut til at dette blir ein realitet. Alle dåps-samlingar før dåp i soknet føregår i Oltedal kyrkje, og nytt av året er at både trusopplærar og prest har vore til stades på desse samlingane for å knytte kontakt med småbarnsfamiliar. I Oltedal har det og vore nokre gudstenester med lek gudstenesteleiar i tillegg til dei forordna gudstenestene.

I Dirdal blei det arrangert «LysVaken» for 11-åringar i soknet for første gong i november. Kyrkja var full av deltakarar, familieane deira og andre. Det var flott å sjå kyrkja full av folk, og vi ønskjer å fortsetta arbeidet med å få opp gudstenestedeltakinga. Dei gongane det er barnekor og/eller trusopplæringstiltak er det mykje folk i kyrka. Andre gudstenester er godt besøkt av ein nokså fast kjerne – og folk frå resten av soknet. Bedehuset på Gilja driv mykje godt arbeid for heile familien. Vi har eit godt samarbeid med dei, og ønskjer å styrkja dette samarbeidet vidare framover.

REKNESKAP

Rekneskapen syner eit underskot dette året. Skap-arbsorbentar og projektor i Oltedal er hovudårsaka til dette.

STATISTIKK

Statistikken syner ein liten positiv oppgang når det gjeld gudstenesteframmøte. Talet på døypte har gått litt opp frå i fjor, men i eit meir langsiktig perspektiv ser vi at døypte i prosent ut frå folketalet går ned i heile kommunen. Dette er ein trend staben har fokus på å snu.

Det er mange frivillige som gjer ein flott innsats for barn, unge og vaksne i soknet. Sokneråd og stab vil nytta høvet til å takka alle som har ei oppgåve. Takk for ditt bidrag! I framtida håper vi å bli enda fleire i fellesskapet av frivillige medarbeidarar.

Svein Ingve Nødland (sign)
- soknerådsleiar -

Tone Middelthon
- dagleg leiar -

DRIFTSREGNSKAP				
	Regnskap	Buds(end)	Regnskap	
	2014	2014	2014	2013
Funksjon: 1000 Sokneråd				
1110 Div materiell knyttet til gudstjeneste/menighetsarb	9 641	5 000		11 603
1112 Bibler og undervisningsmateriell	642	0		0
1116 Dåpsmateriell, 4-årsbok	2 743	7 000		0
1117 Matvare/bevertning	9 304	7 000		3 992
1120 Andre utgifter	5 573	0		8 288
1122 Arrangementer	10 535	10 000		5 579
1123 Barne- og ungdomsarbeid	44 812	10 000		53 961
1130 Porto/bankgebyr	4 059	1 000		3 353
1170 Reiseutgifter	8 170	0		0
1200 Inventar og utstyr	146 779	0		13 530
1220 Vedlikehold	0	120 000		0
1340 Refusjon til fellesråd	195 200	185 000		130 695
1470 Tilskudd/gaver til andre	1 175	0		2 850
1530 Dekn av tidl års merforbruk	0	0		14 952
Utgifter	438 633	345 000		233 850
1610 Betaling fra deltakere	-17 500			-14 000
1740 Refusjon fra fellesråd	-19 410	0		0
1750 Refusjon fra menighetsråd	-38 062	-120 000		-49 845
1800 Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	-12 000			-12 000
1830 Tilskudd fra kommunen/kommunale institusjoner	-15 000	-5 000		-15 084
1840 Tilskudd fra fellesrådet	-30 616	-30 000		-20 074
1850 Tilskudd fra menighetsråd	-52 500	0		0
1860 Offer innsamlet til egen virksomhet	-47 567	-40 000		-47 308
1862 Fast givertjeneste	-15 500	0		-19 800
1870 Tilskudd/gaver fra andre	-7 000	-15 000		-1 000
1900 Renteinntekter	-12 019	-15 000		-16 743
1930 Bruk av tidl års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0		-48 107
1950 Bruk av bundne fond	0	-120 000		0
1980 Regnskapsmessig merforbruk	-51 459	0		-5 739
Inntekter	-318 633	-345 000		-249 699
Resultat	120 000	0		-15 850


BALANSEREGNSKAP

	Regnskap 2014	Regnskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	-	-
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	-	-
Utstyr, maskiner og transportmidler	-	-
Utlån	-	-
Aksjer og andeler	-	-
Omløpsmidler	570 042	755 568
Herav:		
Kortsiktige fordringer	64 506	10 390
2131401 Oppgjør skatteinspektøren	45 097	-
2137520 Debitorer manuelle krav	19 410	10 390
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	505 536	745 179
2102002 Kto 3280.07.03734	212 401	253 553
2102050 Kto 3201.32.77361	293 135	491 626
SUM EIENDELER	570 042	755 568
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	564 819	736 278
Herav:		
Disposisjonsfond	273 087	273 087
2569910 Soknerådet	261 060	261 060
2569950 Dirdal kapell	12 027	12 027
Bundne driftsfond	348 931	468 931
2519930 Orgel i Oltedal	339 687	459 687
2519931 Ungdomsarbeid	9 244	9 244
Ubundne investeringsfond	-	-
Bundne investeringsfond	-	-
Regnskapsmessig mindreforbruk	-	-
2595003 Regnskapsmessig mindreforbr	-	-
Regnskapsmessig merforbruk	-57 198	-5 739
2590001 Uinndekket negativt driftsresul	-57 198	-5 739
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Likviditetsreserve	-	-
Kapitalkonto	-	-
Langsiktig gjeld	-	-
Herav:		
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	-	-
Kortsiktig gjeld	5 223	19 290
Herav:		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	5 223	19 290
2327504 Kreditorer manuelle	5 223	19 290
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	570 042	755 568
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	-	-
Herav:		
Ubrukte lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-	-
Kontrollsum:	-	-

Gjesdal sokn 2014

	2011	2012	2013	2014
Gj.sn.antall kirkegjengere	170	233	202	219
Gj.sn.antall nattverdgjester	69	86	80	84
Antall døypte	29	35	28	34
Antall konfirmerte	37	32	33	31
Antall vigde	17	15	15	17
Offer	133 902	149 077	146 515	135 092


Grafisk samanlikning



Gjesdal kyrkje 2014

	2011	2012	2013	2014
Gj.sn.antall kirkegjengere	64	94	73	75
Gj.sn.antall nattverdgjester	37	37	32	30
Antall døypte	18	20	13	16
Antall konfirmerte	8	14	6	12
Antall vigde	13	12	10	14
Offer	68 766,00	75 393,00	77 631,00	51 188,00


Grafisk samanlikning



Oltedal kyrkje 2014

	2011	2012	2013	2014
Gj.sn.antall kirkegjengere	51	60	55	65
Gj.sn.antall nattverdgjester	17	25	21	20
Antall døypte	3	8	7	6
Antall konfirmerte	13	13	11	6
Antall vigde	0	0	2	0
Offer	32 250	35 795	32 336	51 854

Grafisk samanlikning



Dirdal kyrkje 2014

	2011	2012	2013	2014
Gj.sn.antall kirkegjengere	55	79	74	79
Gj.sn.antall nattverdgjester	15	24	27	34
Antall døypte	8	7	8	12
Antall konfirmerte	16	5	16	13
Antall vigde	4	3	3	3
Offer	32 886	37 889	36 548	32 050

Grafisk samanlikning

